



Ålfotbreen
verneområde styre

Møteinnkalling

Utval: Ålfotbreen verneområde styre
Møtestad: Hyefjorden
Dato: 27.06.2022
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Styremøtet vert kombinert med synfaring på Hyefjorden dersom det let seg gjere.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 6/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 7/22	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 3/22	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2-2022		2019/10793
RS 4/22	Ålfotbreen landskapsvernområde - status på tiltak styremøte 2/2022		2019/4056
ST 8/22	Ålfotbreen verneområdestyre - Film om geologi og landskap i verneområde - vidare arbeid		2022/8519
ST 9/22	Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om filming med drone - Nordisk Banijay		2022/8498
ST 10/22	Eventuelt		

ST 6/22 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 7/22 Signering av protokoll frå førre møte



Arkivsaksnr: 2019/10793-15
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 17.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/22	27.06.2022

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2-2022

- Det er ikkje handsama saker med delegert mynde sidan førre møte.
- 1. mai flytte forvaltningsknutepunktet inn i nye kontorlokale i Kraftbygget som ligg i Sørstrandsvegen 9 sentralt i Sandane sentrum. Det er fine og nyoppussa lokale som fungerer veldig fint til vår bruk. I tillegg til forvaltar for Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal har SNO Sandane og ein nasjonalparkforvaltar for Jostedalsbreen kontorplassane sine på forvaltningsknutepunktet.
- Forvaltninga er no fullt og heilt tilbake til normalen etter koronapandemien.
- Det er ikkje noko nytt å melde i prosessen med nasjonalparkstatus.



Arkivsaksnr: 2019/4056-14

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 17.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/22	27.06.2022

Ålfotbreen landskapsvernområde - status på tiltak styremøte 2/2022

Her er den fordelinga av tiltaksmidlane som styret gjorde i styremøte 1/2022:

Navn	Fordeling
Film/grafisk informasjon om geologi	125 000
Utbetring av stien til Blåbrebu	50 000
Merking av rute Bjørndalen - Gjegnen	25 000
Vedlikehald av merka stiar	0
Tilrettelegging i Grøndalen	50 000
Fjerning av gran	0
Bytte ut turskilt	0
Informasjonsskilt	50 000
Totalt	300 000

Nedanfor skal eg skrive litt om kva som er status og planer på dei ulike tiltaka som har fått tildelt midlar.

- **Film/grafisk informasjon om geologi**

Dette kjem det ei eiga styresak på, so eg kjem tilbake til den då.



- **Stien til Blåbrebu**

Flora turlag har gjeve positiv tilbakemelding og vil ta på seg oppdraget. Dei har fleire punkt og mindre tiltak som dei vil utbetre/gjennomføre. Dei skal kome tilbake til meir detaljerte planar når dei har hatt synfaring. Den fordelte summen på 50.000 skal inntil vidare stå der.

- **Bjørndalen-Gjengen**

Keipen turlag har gjeve positiv tilbakemelding og stadfesta at dei vil gjennomføre dette i tråd med den planen dei sende inn i fjor haust. Den fordelte summen på 25.000 skal bli ståande på tiltaket.

- **Innfallsport Grøndalen**

Forvaltar har vore på synfaring saman med grunneigar, og skrive eit notat om kva som bør gjerast. Her er det først og fremst snakk om å legge til rette meir parkeringsareal.

Notatet er sendt til Vestland fylkeskommune som er vegeigar, som ein søknad om å lage denne parkeringsplassen med «avkøyrsløp». Vi har ikkje motteke noko svar enno.

Dersom vi får godkjenning for planane frå VLFK so vil Gravdal Skog og Hageservice få oppdraget med å lage til parkeringsplassen.

Vi bør vurdere å få opp nokre P-skilt, både på den plassen vi laga til i fjor og den nye som forhåpentlegvis vert til i år.

Den fordelte summen på 50.000 bør inntil vidare stå på tiltaket.

- **Infoskilt**

Her er det ikkje gjort noko, og vi har heller ikkje konkrete planer per no. Eg rår til at dei fordelte 50.000 vert flytta til filmprosjektet.



Arkivsaksnr: 2022/8519-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 17.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	8/22	27.06.2022

Ålfotbreen verneområdestyre - Film om geologi og landskap i verneområde - vidare arbeid

Innstilling frå forvaltar

1. Ålfotbreen verneområdestyre tek orienteringa om arbeidet til no til vitande.
2. Det vert flytta kr 50.000 av tiltaksmidlane frå tiltak «Informasjonsskilt» til dette prosjektet.
3. Det vert fokusert på den strukturgeologiske og sedminentærgeologiske forteljinga. Tematikken kring bre og klima kjem vi tilbake til ved eit seinare høve.
4. Produksjon av film/animasjon vert lagt ut på anbod (avgrensa anbodsprosess jamfør del I i anskaffelsesforskriften) med ideskissa som grunnlag.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Saksprotokoll frå styremøte 1/2022 i Ålfotbreen verneområdestyre
- Ideskisse om prosjektet

Bakgrunn

Verneområdestyret har søkt om tiltaksmidlar til å få produsert ein film eller animasjon som skal syne korleis det unike hyllelandskapet i Ålfotbreen landskapsvernområde har blitt til. Styret sette dette tiltaket høgst på prioriteringslista over tiltak i 2022. Miljødirektoratet har godkjent tiltaket, og styret har fått ein samla pott på kr 300.000 til fordeling på tiltaka, inkludert dette.

Verneområdestyret fordelte tiltaksmidlar i styremøte 1/2022. Då vart det sett av kr 125.000 til dette tiltaket. Styret sa og at filmen/animasjonen skulle ha innhald om bre og klima.

Status på arbeidet

Det første eg gjorde var å ta kontakt med Trollbinde, verksemda som har laga nettsida vår. Trollbinde har god erfaring med å formidle kunnskap og informasjon om natur og naturverdiar, og veit ein del om kva som må til for å nå det rette publikummet og få fram budskapet.

I samarbeid med Trollbinde har vi laga ei slags arbeidsgruppe. Der har vi fått med oss geologane Denise Ruther og Deta Gasser frå Høgskulen på Vestlandet, og vi har fått med oss Rebecca Nedregotten Strand som har erfaring med mellom anna ulike «naturprogram» for NRK og som er tilknytt Høgskulen i Volda.

Vi har jobba med ei ideskisse der vi skal prøve å forklare kva vi vil ha produsert, som kan nyttast som grunnlag for ein enkel anbodsprosess. Denne ligg vedlagt.

Problemstillingar og vurderingar

Vi har møtt på nokre spørsmål, kor vi må ta nokre val. Nokre av desse må styret avgjere, og der har vi diskutert oss fram til tilrådingar til styret.

Lengde

Vi meiner høveleg lengde på ein slik film er 60-90 sekund. Vert dei lenger enn det er det lett å miste sjåaren. Skal vi få til å fortelje heile den geologiske historia, må det kanskje delast opp i to eller tre filmar. Det betyr og at vi kanskje må prioritere delar av historia, i alle fall i første omgang.



Budsjett

Det er i utgangspunktet sett av 125.000 til tiltaket. Vi ser at det kan bli for knapt, om vi skal ha resultat av god kvalitet. Eg vil derfor rå styret til å overføre 50.000 frå informasjonsskilt til dette tiltaket. Då vil vi ha 175.000, kor vi set av inntil 25.000 til administrative kostnader (hovudsakleg Trollbinde sitt arbeid inkludert Rebecca) og 150.000 til sjølve produksjonen.

Studentarbeid

Eit alternativ er å få studentar til å produsere filmen, som ein del av studiet sitt. Det vil gjere produksjonen vesentleg rimelegare enn ved å bruke profesjonelle. Vi har likevel konkludert med at det ikkje er lurt, både grunna tidsbruk og fordi det vert større usikkerheit kring kvaliteten på sluttproduktet. Heile arbeidsgruppa var samde i dette. Vi vil likevel ha ein viss dialog med t.d. Høgskulen i Volda, sidan førelesarar der kjenner marknaden godt og veit kven som er flinke til kva.

Bre og klima

Styret har sagt at bre og klima bør vere ein del av filmen, for å formidle kunnskap om korleis breane har blitt til og om korleis dei no er i ferd med å smelte vekk. Arbeidsgruppa vil råde styret til å la dette tema ligge i denne omgang og fokusere på dei strukturgeologiske og sedimentærgeologiske prosessane. Det er fleire årsaker til det:

- Det vert utfordrande å få plass til dette tema både tidsmessig og innanfor budsjettet, utan at det går ut over kvaliteten.
- Det blir eit stort sprang både i tematikk og i tidshorisont, som vert utfordrande å samle i ein film. Skal vi lage innhald om dette temaet bør det vere ein eigen film.
- Dette er eit tema som ikkje er unikt for Ålfotbreen, men som fleire andre verneområde og aktørar både har jobba med og kan jobbe med. Vi kan kanskje få til eit samarbeid med andre om ein slik produksjon.
- Det er truleg laga ein del innhald om dette allereie.

Arbeidsgruppa vil derfor som sagt råde til at vi legg dette på is no i år, og at vi heller tar opp att denne tråden seinare.



Arkivsaksnr: 2022/8498-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 17.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	9/22	27.06.2022

Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om filming med drone - Nordisk Banijay

Innstilling frå forvaltar

Nordisk Banijay får løyve til å bruke drone i samband med tv-produksjon i vestre del av Ålfotbreen landskapsvernområde. Løyvet gjeld for inntil 60 minutt total flygetid i veke 36 i 2022. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under filming.
- Det skal ikkje flygast på søndag.
- Det skal kome klart fram for sjåarane gjennom tekst eller tale at opptaka har skjedd i Ålfotbreen landskapsvernområde.
- Statens naturoppsyn (tlf: 97595102) skal varslast før filminga tek til.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at flyginga er i tråd med anna regelverk.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om bruk av drone frå Nordisk Banijay
- Verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova
- «Retningslinjer for handsaming av drone» vedtekne av Ålfotbreen verneområdestyre 24.11.2017

Søknaden

Nordisk Banijay er ei produksjonsverksemd for TV og film som planlegg å filme i Ålfotbreen landskapsvernområde i samband med produksjon av eit underhaldningsprogram. Det unike og krevjande landskapet i Ålfotbreen er sentralt i produksjonen og filminga skal derfor skje inne i verneområdet. For å få gode oversiktisbilete av landskapet ønskjer verksemda å bruke drone.

Nordisk Banijay søker derfor om å få bruke drone i Ålfotbreen landskapsvernområde i samband med produksjon av innhald for TV. Filminga skal skje i veke 36 og dei søker om totalt 60 minutt flygetid. Filminga vil gå føre seg i den vestre delen av Ålfotbreen landskapsvernområde. Verksemda opplyser om at dei har profesjonelle og sertifiserte droneoperatørar.

Regelverk

Bruk av drone er i utgangspunktet forbode i Ålfotbreen landskapsvernområde, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 6.2:

6.2 Unødvendig støy skal unngås. Det er ikkje tillate å bruke motor på modellfly, modellbåt o.l.

Det er ingen generelle unntaksreglar i forskrifta som denne aktiviteten fell inn under. Her er heller ikkje heimel i verneforskrifta for å gje løyve til aktiviteten. Søknaden må derfor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldslova § 48:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Dette går og fram av retningslinjene for dronesaker som verneområdestyret vedtok i 2017:

Søknadsppliktige føremål

All anna bruk av drone må søkjast om. Sidan det ikkje er føresegner i verneforskrifta som gjeld drone, so må alle søknader handsamast etter naturmangfaldlova (nml) § 48 (generell dispensasjonsheimel). Denne føresegna skal handsamast strengt og berre brukast unntaksvis.



Her er det første alternativ som er relevant på bruke. Vi må då først vurdere kor vidt aktiviteten er i strid med verneføremål eller verneverdiar. Deretter må vi gjere ei fagleg vurdering om det er tilrådeleg å gje dispensasjon.

Tiltakshavar (Nordisk Banijay) er sjølv ansvarlege for at aktiviteten er i tråd med anna regelverk, som til dømes kommunale regelverk og Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Først må vi som sagt vurdere om aktiviteten er i strid med verneføremålet eller verneverdiane. Vi ser då til kva som er føremålet med vernet av Ålfotbreen, og det står i verneforskrifta § 2:

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med vernet er å:

- Ta vare på eit eigenarta, vakkert og kontrastrikt naturlandskap med dei vestlegaste og mest oseanisk påverka isbreane i Noreg.*
- Bevare utan større tekniske inngrep dei storslåtte og særprega devonske landskaps-formene, og heile breidda av naturtypar i overgangen frå høgfjell og bre til elver og vatn, skogkledde dalar og fjordlier med varmekjær lauvskog.*
- Ta vare på det biologiske mangfaldet og kulturlandskap som finst i området.*

Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Vi kan slå fast at bruk av drone i so lite omfang som det her er snakk om, ikkje er i strid med verneføremålet. Saka kan derfor handsamast med heimel i nml § 48.

Det må framleis gjerast ei fagleg vurdering om kor vidt det er tilrådeleg å gje eit slikt løyve, og der er fleire ting som forvaltningsstyresmakta må vurdere. I retningslinjene for dronesaker står dette:

Bruk av drone til filmproduksjon vil vere meir komplekse saker. Viktige vurderingar her vil vere kva som skal formidlast i bilete og/eller film, og kva føremål bileta/filmen skal nyttast til. Slike saker skal alltid leggast fram for styret.

Føremålet med produksjonen er i første rekke underhaldning. Men det som skal formidlast her, og ein viktig del av det som skaper underhaldninga, er den spektakulære naturen og det unike landskapet. Det er det som er årsaka til at filminga er planlagt akkurat her. Å vise fram det spesielle landskapet på denne måten vil forhåpentlegvis gjere Ålfotbreen og verneverdiane der meir kjent, og det er i tråd med forvaltninga sin eigen strategi om å auka kunnskap og merksemd rundt Ålfotbreen. Det at det her er snakk om eit underhaldningskonsept meir enn eit dokumentarkonsept kan ein sjå på som negativt for saka, men samstundes so når man eit anna og større publikum då.



Sjølve påverknaden på naturen og naturverdiane er minimal. Det er snakk om eit særst lite omfang av bruk av drone. Det skal dessutan gå føre seg i september, ei tid kor alt av yngling og hekking for dyrelivet er ferdig for lengst.

Bruk av drone vil alltid føre med seg noko støy, og dessutan noko «visuell uro». Særleg gjeld dette for dei som oppsøker slike lite tilgjengelege og lite brukte område for å oppleve villmark og stillheit. Området er lite besøkt, so sjansen for ein slik konflikt er liten, men vi prøver likevel å unngå motorferdsel og støyande aktivitet på søndagar og heilagdaggar.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saka er tilfredsstillande, jamfør nml § 8. Dette er eit karrig høgfjellsområde med få artar og vi kjenner ikkje til sårbare naturverdiar som kan bli påverka av denne aktiviteten. Vi har og grei kjennskap til bruken av området, og den er som sagt ganske liten.

Påverknaden av dette tiltaket er som sagt minimal. Vi har ikkje handsama dronesøknad i Ålfotbreen tidlegare, og då ligg det i korta at samla belastning av droneflyging i Ålfotbreen er veldig låg, jamfør nml § 10. Vi må likevel ta høgde for presedensverknad av eit eventuelt løyve, og ta med belastninga av liknande framtidige dispensasjonar. Dette med presedens kan vere skummelt, men truleg vil det ikkje kome mange slike saker i framtida heller. Når det er snakk om so lite flytid og so profesjonelt opplegg som her, so vil belastninga av nokre liknande saker i framtida dessutan vere minimal.

Jamfør nml § 12 so skal mest skånsame lokalisering og metode veljast. Bruk av drone er den mest skånsame og effektive måten å produsere denne typen film på. Alternativet er helikopter, og det fører med seg både kraftigare og meir langvarig støy. Når det gjeld lokalisering so må ein nesten filme landskapet der landskapet er. Landskapet er eineståande og ein finn det ikkje andre stader i dette omfanget.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.

Som forvaltar er mi vurdering av denne saka først og fremst at den gjev minimal påverknad på naturmiljøet. Vidare so vil ein slik tv-produksjon vise fram det unike og verneverdige landskapet til eit stort publikum på ein måte som er i tråd med verneområdestyret sine eigne mål om å gjere området og verdiane meir kjend. Vi skal vere observante på presedensverknaden av ein dispensasjon, men med det omfanget som det her er snakk om vil den presedensen vere grei å handtere i framtida.

ST 10/22 Eventuelt